

## Tildeling av prikkar

Den 01.01.2016 blei det innført eit nasjonalt prikktildelingsystem for sanksjonar ved brot på alkohollova.

Oppteningsperioden er sett til to år. Viss ei bedrift får 12 prikkar i løpet av perioden, blir løyvet inndrege i ei veke. Dersom det blir tildelt meir enn 12 prikkar i oppteningsperioden, skal kommunestyret auka lengda på inndraginga tilsvarende.

Ved sær s formildande tilhøve, kan kommunen tildela færre prikkar for eit brot. Ved sær skjerpande tilhøve, kan kommunen tildela fleire prikkar for eit brot. Kommunestyret kan ved sær skjerpande tilhøve også auka lengda på inndraginga. I dei alvorlegaste tilfella, kan dette bli for resten av løyveperioden.

Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret og rådmannen.

### Desse brota fører til tildeling av åtte prikkar:

- sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkohollova § 1-5 andre ledd.
- brot på bistandsplikta, jf. § 4-1 andre ledd i alkoholforskrifta.
- brot på kravet om forsvarleg drift, jf. alkohollova § 3-9 og § 4-7.
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkohollova § 1-9.

### Desse brota fører til tildeling av fire prikkar:

- sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmiddel, jf. § 3-1 i alkoholforskrifta, skjenking til person som er eller truleg vil bli openbart påverka av rusmiddel, jf. § 4-2 første ledd i alkoholforskrifta.
- brot på sals-, utleverings- og skjenketidsreglane, jf. alkohollova § 3-7 og § 4-4.
- skjenking av brennevin til person på 18 eller 19 år, jf. alkohollova § 1-5 første ledd.
- brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkohol, jf. alkohollova § 1-5 tredje ledd.

### **Desse brota fører til tildeling av to prikkar:**

- person som er openbart påverka av rusmiddel blir gjeven tilgang til lokalet, eller løyvehavar sørger ikkje for at person som er openbart påverka av rusmiddel forlét staden, jf. § 4-1 i alkoholforskrifta.
- manglar ved internkontrollen til løyvehavar, jf. alkohollova § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i alkoholforskrifta.
- manglande levering av omsettingsoppgåve innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i alkoholforskrifta.
- manglande betaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i alkoholforskrifta.
- brot på krav om styrar og vara, jf. alkoholloven § 1-7c.
- gjenteken narkotikaomsetting på skjenkestaden, jf. alkohollova § 1-8 andre ledd.
- gjenteken diskriminering, jf. alkohollova § 1-8 andre ledd.

### **Desse brota fører til tildeling av ein prikk:**

- brot på krav om alkoholfrie alternativ, jf. § 4-6 i alkoholforskrifta.
- brot på reglar om skjenkemengd, jf. § 4-5 i alkoholforskrifta.
- konsum av medbrakt alkohol, jf. § 4-4 i alkoholforskrifta.
- gjestar tek med alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i alkoholforskrifta.
- brot på krav om plassering av alkohol på salsstaden, jf. § 3-3 i alkoholforskrifta.
- brot på vilkår i løyvevedtaket, jf. alkohollova § 3-2 og § 4-3.
- brot på reklameforbodet, jf. alkohollova § 9-2, jf. kapittel 14 i alkoholforskrifta.
- andre brot på alkohollova § 1-8 første ledd, jf. mellom anna alkohollova § 3-1 sjette ledd, § 4-1 andre ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

*Les meir i alkoholforskrifta kapittel 10.*